

Spørsmål frå Pauline Tomren (MDG)

Spørsmål om varslingsrutiner på videregående skoler i fylket

Vestland fylkeskommune skal vere ein god arbeidsplass for alle tilsette. Dessverre har vi sett i media at det foregår mobbing av tilsette ved ein av skulane våre, og at handteringa frå fylkeskommunen sin side har svikta.

Det kjem fram i [NRK](#) at fylkeskommunen sitt varslingsutval meiner det er behov for at fylkeskommunen

kvalitetssikrar interne rutinar for handsaming av varsel.

Derfor har eg følgande spørsmål til fylkesordføraren:

Korleis følger fylkeskommunen opp anbefalinga frå varslingsutvalet om å kvalitetssikre interne rutinar for å ta imot- og handtere varsel grundig nok?

Svar frå fylkesordføraren:

Fylkesordføraren ha fått opplyst at fylkeskommunedirektøren vil gjennomføre ei heilskapleg evaluering med ekstern bistand, som også vil omfatte gjennomgang av varslingsrutinane, inkl informasjon/opplæring og praktisering av desse. Ellers viser fylkesordføraren til svar på spørsmål frå representanten Terje Kolbotn om varslingsinstituttet i fylkeskommunen.